

Musea i Sogn og Fjordane

Styremøte

Dato: Tysdag 19.04.2016
Tid: Kl. 11:00
Stad: Nordfjord Folkemuseum, Sandane

MØTEBOK

Frå styret møtte: Harry Mowatt, Laura Kvamme, Arild Hartman Eriksen, Ingrid Norum, Steinar Enebø, Olve Grotle og Hanne B. Oftedal.
Frå adm. møtte: Direktør Inge Bent Arnestad og seniorrådgjevar Anne-Marie Førde.
Referent: Inge Bent Arnestad

SAKLISTE:

11/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste
12/2016: Godkjenning av møtereferat frå styremøtet 23.02.2016
13/2016: Orienteringar
14/2016: Endring av vedtekter
15/2016: Ymse

SAK 11/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjend

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent
Samrøystes

SAK 12/2016: GODKJENNING AV MØTEREFERAT FRÅ STYREMØTE 23.02.2016.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå styremøte 23.02.2016 vert godkjend

Vedtak:
Protokoll frå styremøtet 23.02.2016 vert godkjent
Samrøystes

SAK 13/2016: ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

- **Rekneskap mot budsjett**

Vedlegg: Rekneskapsrapportar pr. 29.02.2016.

- **HMS/internkontroll/sjukefråvær**

<u>Sjukefråvær</u>	<u>31.03.2016</u>
Eigenmelding	0,78 %
Sjukemelding	2,07 %
Borns sjukdom	0,04 %
Totalfråvær	2,89 %

HMS:

Det er planlagt møte med leverandør av internkontrollsystemet Vergo for gjennomgang av status på alle avdelingar i løpet av våren 2016. Det er vidare avtalt møte med kommunale brann og redningsetatar for å samkøyre tilgangar til museet sitt systemet for brannsyn. Det vert halde kurs i stillasbygging den 19.04.16.

- **Besøktal 2016**

MiSF har hatt ein nedgang i besøktal frå 4.908 til 2.896 besøkande i fyrste kvartal samanlikna med i fjor, som gjev ein samla nedgang på 2.012 personar. I perioden har DHS-SF hatt ein liten auke, dei andre avdelingane har hatt nedgang. Norsk Kvernsteinsenter er utanfor sesong, men hadde nokre få besøkande tidleg på året i fjor som gjev ein liten nedgang på 30 pers. Når det gjeld dei andre avdelingane skuldast nedgangen færre nye utstillingar samanlikna med i fjor i denne perioden, og at nokre utstillingar har vore mindre besøkt. Fleire avdelingar har jobba med nye utstillingar som er opna/skal opna i perioden, som gjer at det naturleg har vore mindre fokus på utoverretta arbeid både mot skular og andre. Tala vil truleg bli betre i neste periode.

Vedlegg: Spesifisert besøksstatistikk 03/2016

- **Norsk Reiselivsmuseum – status og framdrift prosjekt**

Nøkkeloverlevering og offisiell opning av Norsk Reiselivsmuseum i Balestrande vert som planlagt fredag 29.04.2016 kl. 12:30 – 16:00

Status utstillingsprosjektet.

Arbeidet med slutføring av alle utstillingane går etter planen. Det skal utarbeidast FDV-rutinar/avtaler (forvaltning/drift/vedlikehald) for å sikre ei stabil og sikker drift av utstyr, programvarer og sikkerheitsløyisingar i framtida.

Status byggjeprojektet.

MiSF har sendt informasjon til Statsbygg i slutten av mars om nye sprekkar i fjellveggen med vasslekkasje inn i auditorium og trappeoppgang. Statsbygg er oppmoda om at det vert sett i verkt strakstiltak for å unngå endringar i framdriftsplanane fram mot opning.

Status økonomi.

Pr. medio mars 2016 er bokført prosjektsaldo på i underkant av 0,1 mill. (rest prosjektmidlar) Det er framleis uavklarte postar og avtaler som ikkje er belasta, men som er vurdert og belasta prosjektsaldo.

Status opningsarrangement:

Styringsgruppa er orientert om status og dato for opning. Arrangementskomitéen har ferdigstilt programmet for opninga, og det er sendt ut invitasjon til 170 personar, av desse er om lag 60 invitert til middag. Norsk Reiselivsmuseum veroffisielt opna av statssekretær i Kulturdepartementet Himanshu Gulati.

Norsk reiselivsmuseum er nominert til Statens byggeskikkpris for 2016.
Juryen for Statens byggeskikkpris vurderer 7 nominerte prosjekt i april.

- **Kystmuseet i Sogn og Fjordane – status og framdrift betongskade**
Prosjektet skal etter plan vere avsluttast i april. Totalbudsjett med eige arbeid er kostnadsrekna til 7,2 mill. inkl. mva, og det er ikkje avdekkede vesentlege tillegg.
- **Sogn og Fjordane kunstmuseum:**
Museet er i samtalar med Visit Sognefjord om drift av turistinformasjonen i Lærdal for sommarsesongen 2016.
- **Forhandling med kommunane i Sogn og Fjordane om nye driftsavtalar for musea**
Kort informasjon v/ direktør
- **Fellesmagasin og museumsbygg for Sunnfjord Museum**
Viser til styresak 07/2016.
Styreleiar, direktør og avdelingsdirektør ved Sunnfjord Museum har vore i møte den 05.04.2016 med Sogn og Fjordane fylkeskommune og vertskommune Førde kommune for å drøfte saka.
SFJ har bede MiSF om å kome med grunngjeving for vedtaket i styret, som ikkje er i samsvar med gjeldande fylkeskommunalt vedtak, som grunnlag for ny sak i fylkestinget. MiSF har etter førre styremøte motteke brev av 01.03.2016 frå SFJ Bygge- og eigedomstenesta med førespurnad om å stadfeste at det er løysinga i Movika (Kløften med magasin) ein vel å gå vidare med. Styresak 07/2016 er ikkje samsvar med nemnte førespurnad, stadfesting er ikkje sendt.

Vedlegg: Brev frå SFJ av 01 03 2016

Styret var etter orientering og etterfølgjande drøftingar, samde om at dette punktet skulle takast opp som eiga styresak (16/2016)

- **Brev frå eigarstyre for DHS – Sogn Folkemuseum:**
Viser til brev dagsett 25.02.2016, motteke etter førre styremøte.
Eigarstyre for DHS – Sogn Folkemuseum har bede styret i MiSF gjere greie for kva planar dei har for å tilføre administrasjonen museumsfagleg kompetanse.

Vedlegg: Brev frå eigarstyret DHS-SF av 25 02 2016

Styret i MiSF v/styreleiar sender brev til eigarstyre for DHS – Sogn Folkemuseum med tilbakemelding på spørsmål.

- **Aktivitetsrapport frå avdelingane**

Vedlegg: Aktivitetsrapport frå avdelingane

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Orienteringane vert tatt til vitande

Vedtak:
Orienteringane vert tatt til vitande
Samrøystes

Saksansvarleg:

Inge Bent Arnestad

Saksutgreiing:

Styret skal syte for at stiftinga har oppdaterte og gode vedtekter som på best moglege måte reflekterer verksemda ved muset. Gjeldande vedtekter er sist endra 23.02.2011.

Stiftingstyret har gjort vedtak som krev vedtektsendring, og direktør legg fram revidert forslag til endra vedtekter med grunngjeving.

§ 2. Føremål og målform

Gjeldande tekst, 3. avsnitt:

«Museet kan drive inntektsgevande verksemd med naturleg tilknytning til hovudverksemda, det vil seie verksemd som er med på å realisere stiftinga sitt ideelle og kulturelle føremål, som konsulent- og spesialisttenester, kafé, museumsbutikk og utleige.»

Framlegg til endring:

«Museet skal vidareføre og utvikle drifta i verksemda og handle i samsvar med ICOM (International Council of Museums) sitt museumsetiske regelverk. Museet kan drive verksemd med naturleg tilknytning til hovudverksemda som er med på å realisere stiftinga sitt ideelle og kulturelle føremål.»

Grunngjeving for endring:

Føremålet vert knytt opp mot ICOM sit museumsetiske regelverk, og vert tydelegare knytt opp mot verksemda sitt ideelle og kulturelle føremål.

§ 4. Styre

Gjeldande tekst 4. avsnitt:

«For tilsettere representantane gjeld dei vanlege reglane om val av tilsettere representantar og deltaking i styre, òg funksjonstid.»

Framlegg til endring:

«For tilsettere representantane gjeld dei vanlege reglane om val av tilsettere representantar og deltaking i styre med funksjonstid på 2 år. Tilsettere representantar kan sitje samanhengande i inntil to periodar, funksjonstid som varamedlem vert ikkje rekna med.»

Grunngjeving for endring:

Endringa klargjer gjeldande funksjonstid for tilsettere representantar og varamedlemmar i styret.

§ 5. Styret sine oppgåver

Gjeldande tekst 4. avsnitt:

«Styret tilset direktør og administrasjonssjef for stiftinga, og avdelingsdirektørar for dei fem hovudavdelingane.»

Framlegg til endring:

«Styret tilset direktør.»

Grunngjeving for endring:

Endring er i samsvar med styrevedtak i sak 40/2012 Personal- og lønshandbok med etterfølgjande endring i § 5 vedteke i sak 41/2012.

§ 6. Råd

Gjeldande tekst 1. avsnitt, 3. setning – fyrste del:

«Rådet sine medlemmer vert valde av fylkeskommunen, regionråda i fylket, vertskommunane for hovudavdelingane (Florø, Førde, Gloppen, Sogndal)...

Framlegg til endring:

«Rådet sine medlemmer vert valde av fylkeskommunen, regionråda i fylket, vertskommunane for hovudavdelingane (Florø, Førde, Gloppen, Sogndal, **Hyllestad**)...»

Grunngjeving for endring:

Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter vart konsolidert 01.01.2013 med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane som ny hovudavdeling med Hyllestad kommune som vertskommune.

§ 7. Rådet sine oppgåver

Gjeldande tekst 1. og 2. avsnitt:

«Rådet skal handsame styret si årsmelding, rekneskap og revisjonsrapport for siste rekneskapsår og kan gje uttale til desse.

Rådet kan handsame saker som styret legg fram, t.d. langtidsplanar, årsplanar, budsjett, m.m. og gje rådgjevande uttaler til desse sakene.»

Framlegg til endring:

«Rådet **kan gje uttale til** styret si årsmelding, rekneskap og revisjonsrapport for siste rekneskapsår.

*Rådet **kan gje uttale til** saker som styret legg fram, t.d. langtidsplanar, årsplanar, budsjett, m.m.»*

Grunngjeving for endring:

Endringa er i samsvar med Stiftelsesloven §36 d).

Vedlegg: Gjeldande vedtekter endra 23.02.2011
Forslag til endra vedtekter

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret for MiSF vedtar følgjande endringar i gjeldande vedtekter:

§ 2. Føremål og målform

3. avsnitt:

«Museet skal vidareføre og utvikle drifta i verksemda og handle i samsvar med ICOM (International Council of Museums) sitt museumsetiske regelverk. Museet kan drive verksemd med naturleg tilknytning til hovudverksemda som er med på å realisere stiftinga sitt ideelle og kulturelle føremål.»

§ 4. Styre

4. avsnitt:

«For tilsettere representantane gjeld dei vanlege reglane om val av tilsettere representantar og deltaking i styre med funksjonstid på 2 år. Tilsettere representantar kan sitje samanhengande i inntil to periodar, funksjonstid som varamedlem vert ikkje rekna med.»

§ 5. Styret sine oppgåver

4. avsnitt:

«Styret tilset direktør.»

§ 6. Råd

1. avsnitt, 3. setning – fyrste del:

«Rådet sine medlemmer vert valde av fylkeskommunen, regionråda i fylket, vertskommunane for hovudavdelingane (Florø, Førde, Gloppen, Sogndal, Hyllestad)...

§ 7. Rådet sine oppgaver

1. og 2. avsnitt:

«Rådet kan gje uttale til styret si årsmelding, rekneskap og revisjonsrapport for siste rekneskapsår.

Rådet kan gje uttale til saker som styret legg fram, t.d. langtidsplanar, årsplanar, budsjett, m.m.»

Arild Hartmann Eriksen fremma følgjande framlegg til endring i vedtak:

Styret vedtek direktør sitt framlegg utan endring i §5.

Forslaget fall mot ei stemme

Styret stemte dette på direktør sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Styret for MiSF vedtar følgjande endringar i gjeldande vedtekter:

§ 2. Føremål og målform

3. avsnitt:

«Museet skal vidareføre og utvikle drifta i verksemda og handle i samsvar med ICOM (International Council of Museums) sitt museumsetiske regelverk. Museet kan drive verksemd med naturleg tilknytning til hovudverksemda som er med på å realisere stiftinga sitt ideelle og kulturelle føremål.»

§ 4. Styre

4. avsnitt:

«For tilsettere representantane gjeld dei vanlege reglane om val av tilsettere representantar og deltaking i styre med funksjonstid på 2 år. Tilsettere representantar kan sitje samanhengande i inntil to periodar, funksjonstid som varamedlem vert ikkje rekna med.»

§ 5. Styret sine oppgaver

4. avsnitt:

«Styret tilset direktør.»

§ 6. Råd

1. avsnitt, 3. setning – fyrste del:

«Rådet sine medlemmer vert valde av fylkeskommunen, regionråda i fylket, vertskommunane for hovudavdelingane (Florø, Førde, Gloppen, Sogndal, Hyllestad)...»

§ 7. Rådet sine oppgaver

1. og 2. avsnitt:

«Rådet kan gje uttale til styret si årsmelding, rekneskap og revisjonsrapport for siste rekneskapsår.

Rådet kan gje uttale til saker som styret legg fram, t.d. langtidsplanar, årsplanar, budsjett, m.m.»

Vedtaket vart fatta mot ei stemme.

Arild Hartmann Eriksen bad om følgjande protokolltilførsel:

Styret bør framleis ha ansvar for tilsetting av avdelingsdirektørar da direktør ved MiSF ikkje har museumsfaglig kompetanse.

SAK 15/2016: YMSE

Det vart ikkje meldt saker under ymse.

SAK 16/2016: Fellesmagasin og museumsbygg for Sunnfjord Museum

Viser til sak 13/2016 Orienteringar.

Etter drøfting i styret fremma styreleiar følgjande forslag til vedtak:

1. **MiSF viser til styrevedtak 23.02.2016 og vil stå fast på at dette er den beste løysinga fagleg, for å løyse magasinbehovet i overskødeleg framtid. Vidare vil det krevje minst investeringar, og vil mest truleg ha dei lågaste driftskostnadane. For å få ei samanlikning ville det vere ei stor føremon om SFJ kunne gjere greie for FDV-kostnadane knytt til "Kløften".**
2. **Vi peikar og på at "Kløften" som alternativ både for fellesmagasin og nye lokale for SUM vil utløyse behov for eit anna magasin til å hyse båtar og store gjenstandar. MiSF har peika på dette heilt sidan 2010.**
3. **Ei løysing kan difor vere ar MiSF får aksept for å kjøpe Ramstad Eskefabrikk for 11,8 mill, som er om lag identisk med det eit nybygg vil koste. MiSF kan såleis ta dette i bruk til båtar/store gjenstandar.**
4. **I mellomtida kan SFJ sette i verk arbeidet med å nedskalere "Kløfte" til eit kostnadsnivå fylkeskommunen finn å kunne bere.**
5. **MiSF vil til slutt peike på at vi ynskjer å kome fram til ei minneleg løysing, og vil opptre lojalt i forhold til politiske vedtak.**

Samrøystes

Styreleiar overrekte blomsterhelsing og gåve til Anne-Marie Førde, som har vore direktør i Musea i Sogn og Fjordane sidan det konsoliderte museet vart stifta i 2009, og takka henne for det omfattande og krevjande arbeidet ho har lagt ned til beste for museet.

Harry Mowatt
Styreleiar

Laura Kvamme
Nestleiar

Hanne B. Oftedal
Styremedlem

Steinar Evebø
Styremedlem

Arild Hartmann Eriksen
Styremedlem

Ingrid Norum
Styremedlem

Olve Grotle

Inge Bent Arnestad
Direktør